

# RAPPORT

## Gol stavkyrkje

- Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne sammenhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



## Innhald

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	4
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	4
Vedtaksprosess og tiltak	5
Tak	5
Spir, krossar og dragehovud	5
Tjærebreiing	6
Monogram	6
Spunsing av stav	6
Andre tiltak	7
Kyrkjekunst og inventar	7
Samandrag	7
Litteratur og kjelder	8
Fotnotar	8

### **Gol stavkyrkje**

Dokumentasjon av  
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016  
[www.ra.no](http://www.ra.no)

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med  
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med  
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til  
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale  
kan medføre erstatningskrav og inndraging  
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:  
Dagfinn Rasmussen, Riksantikvaren

# Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

## KYRKJEKUNST

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

## LOKAL MEDVIRKING

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

## BRANNSIKRING

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.





**Spontekking:** Montering av spon på Gol stavkyrkje. Foto: Sjur Mehlum. Riksantikvarens arkiv.

# Gol stavkyrkje

## BYGNINGSBESKRIVING

Gol stavkyrkje er ei stavkyrkje frå Gol kommune i Buskerud som no står på Norsk Folkemuseum på Bygdøy i Oslo. Undersøkingar viser at delar av bygget er oppført etter 1216, men den har

element frå 1157. Den stod truleg i opphavleg skapnad heilt til 1600-talet, med svalgang omkring skip og kor. Takryttaren vart fornya i 1694. Samstundes vart det lagt ei himling over skipet, og i same periode vart det sett inn to vindauge i sørveggen i midtrommet til skipet. Rundt 1730 vart det bygd eit galleri på nordsida av skipet. Noko seinare vart kor og apsis rive, og eit nytt lafta kor sett opp. Dei gamle materiala vart attbrukt til himling i det nye koret, og slik

overlevde veggmåleria som vart restaurert i samband med flyttinga. I 1802-1803 vart kyrkja utvida. Svalgangane rundt skipet vart rive, og nye ytterveggar av bordkledd reisverk ble sett opp omlag der svalgangsveggane hadde stått. Framfor vestportalen vart det reist eit våpenhus med saltak. Kyrkja vart demontert og flytt til Oslo januar 1884. Kyrkja stod ferdig då Kong Oscar II opna friluftsmuseet på Bygdøy sommaren 1885.



## TILSTAND FØR

### STAVKYRKJEPROGRAMMET

Ved synfaring av stavkyrkja på Bygdøy vart det påvist røteskader i takflatene utan at dette hadde leidd til noko røteskadar av større omfang. I tillegg var den utvendige kyrkjedekoren i dårleg forfatning. Det vart også funne røteskade i ein av hjørnestavane ved det nordre våpenhuset.

## VEDTAKSPROSESS OG TILTAK

### TAK

Arbeidet med taket på kyrkja var det mest omfattande tiltaket ved denne istandsettinga av stavkyrkja. Ved synfaring vart det påvist røteskader i mykje av spona på taket. Det viste seg samstundes at materiala som har vore nytta ved førre sponlegging ikkje har vore dei beste. Det vart difor vedteke å skifte ut all takspan, etter same mønster som vart nytta i 1885. Det vart med andre ord skifta spon på 62 takflater, eit arbeid som kravde meir enn 14 000 sagde spon som vart tilpassa for hand ved montering. Det meste av spon var tjæra på førehand og fest med spikar. Noko av det som var utfordrande var tekkinga av den kjegleforma apsisen. Spontekkinga på denne har tidlegare ikkje vore optimal, så det vart gjort eit nøyre arbeid med å få ei god, tett tekking på desse takflatene. Det vart også lagt nye dekkbord og i tillegg til utbetring av røteskadd



**Spontekking:** Montering av spon på Gol stavkyrkje. Foto: Sjur Mehlum. Riksantikvarens arkiv.

materiale i takflatene vart det gjennomført ei utbetring av blekkslagararbeida i takflatene. Gamle kilrenner vart skifta ut med nye koparrenner. Kopar har både lang haldbarheit, samt at det mørknar med tida og difor passar betre visuelt med den mørke tjærebreidde kyrkja.

### SPIR, KROSSAR OG DRAGEHOVUD

Den utvendige dekoren på kyrkja var i dårleg forfatning. Det vart difor vedteke å lage nye kopiar av krossar, mønedekor og drageornamentikken der dette var naudsynt, samt istandsetting og spunsing av delar der dette var mogleg. Arbeidet vart gjennomført av museet. Alle overflater vart ferdigstilte med bruk av handverktøy og tjæra.<sup>1</sup>





**Dragehovud:** Det vart montert nye kopiar av dragehovuda ved takryttaren på kyrkja . Foto: Gunvor Haustveit. Riksantikvarens arkiv.

### **TJÆREBREIING**

Det vart gjennomført tjærebreiing av kyrkja siste halvdel av november 2015. Det vart nytta lift til arbeidet. Kva takflater som vart tjæra kan lesast i eigen rapport. Til saman vart det nytt om lag 100 liter tjære, samt litt kol, ved arbeida i 2015. Det vart registrert litt avrenning, helst sidene som vendte mot sør og vest. Det var også desse sidene som var mest nedbrotne, særskilt dekkbord, mønepynt, dragehovud og krossar. På nordsida av kyrkja vart det ikkje tjæra noko ved dette høvet.

### **MONOGRAM**

I samband med istandsettinga av kyrkja vart det fremja eit ynskje om å restaurere og på ny montere plaketten med Oscar II ´s monogram på stavkyrkja. Dette tiltaket vart godkjent. Plaketten vart opphavleg sett opp i 1885 som ein del av restaureringa i etterkant av flyttinga frå Gol til Bygdøy. Treverket i monogrammet var no tørt og lettare deformert. Snitt frå bokstavane viste tydelege restar av gul måling samt forgylling og det vart funne restar av eit lag med bladgull. Istandsettinga av monogrammet bestod

hovudsakleg i å fjerne tjære og måling frå overflata, samt ei komplettering av manglande delar. Til slutt vart monogrammet måla med raud og svart i linoljemåling og påført bladgull.<sup>2</sup>

### **SPUNING AV STAV**

Under arbeida med stavkyrkja i 2012 vart det registrert ein røteskade i ytre hjørnestolpe i nordre våpenhus, i hjørnet mot aust. Ved nærare undersøking med røtebor vart det antekke at skaden berre omfatta basen og at den heller ikkje var gjennomgåande. Ved å opne og ta ut ein bit viste det seg å vere





**Tilbake på plass:** Ferdigbehandla, under montering på vestveggen av stavkyrkja, 3.mai 2012. Foto: Niels Gerhard Johansen/ Norsk Folkemuseum.

avgrensa til yta og berre ein del av basen. Skadd virke vart hogd vekk og ny spuns tilpassa. Flatene ble grundig behandla før rein tjære vart påsmurt og spunsen fest. Spunsen er fest med fire trepluggar i kjernen av stolpen og det vart påført godt med tjære mellom spuns og stolpe. Trepluggen som låser svillen vart ikkje re-etablert. Den måtte hoggast av under arbeidet.<sup>3</sup>

#### **ANDRE TILTAK**

Gjennom stavkyrkjeprogrammet vart det gjennomført ei registrering av mellomalderdelane i kyrkja. Dette arbeidet kan lesast meir om i eigen rapport.<sup>4</sup>

#### **KYRKJEKUNST OG INVENTAR**

Kyrjekunsten vart tilstandsregistrert. Det vart vurdert at det ikkje var behov for

konservering i samband med istandsettingsarbeidet ved kyrkja.<sup>5</sup>

#### **SAMANDRAG**

Gol stavkyrkje er opphavleg frå Gol i Hallingdal, men vart flytt til Norsk Folkemuseum på Bygdøy i Oslo i 1884. Kyrkja er datert til byrjinga av 1200-talet, men kan ha eldre delar. Kyrkja stod med stort sannsyn i opphavleg skapnad heilt til 1600-talet, med svalgang omkring skip og kor. Takryttaren vart fornya i 1694, samstundes som det vart lagt ei himling over skipet. Rundt 1730 vart det bygd eit galleri på nordsida av skipet. Noko seinare vart kor og apsis rive, og eit nytt lafta kor sett opp. Dei gamle materiala vart nytta om att til himling i det nye koret, og slik overlevde veggmåleria som seinare vart restaurert i samband med flyttinga. Gjennom stavkyrkjeprogrammet vart det gjennomført ei registrering av mellomalderdelane i kyrkja. Kyrkja har fått ny spon på taket, samt at krossane og dragehovuda på kyrkja er erstatta med kopiar. Ein kopi av det opphavlege monogrammet etter Oscar II er på nytt montert i vestgavlen på kyrkja. I tillegg vart kunst og inventar i stavkyrkja tilstandsregistrert. Arbeidet ved kyrkja vart gjennomført vinteren 2012.

## LITTERATUR OG KJELDER

### LITTERATUR

Anker, Leif. *De norske stavkirkene*. Oslo, AFRO 2005.

Santa, Astrid. *Museums Bulletin* nr. 69 1/2012, 2012

### RAPPORTAR

Brennsund, Jan Petter. *Notat – Tilstand av metallgjenstander i Stavkirken*, 2011.

With, Mogens. *Sponutskiftning, tjærebreiing og diverse utbedringer 2010 – 2013*, 2013.

Johansen, Niels Gerhard. *Konserveringsrapport/ Restaureringsrapport NF.181 Gol stavkirke – Oscar II's monogram*, 2012.

Johansen, Niels Gerhard. *Malt dekor i Gol stavkirke, NF.181 Tilstandsrapport*, 2015.

Marumsrud, Hans. *Rapport frå befaring av Gol stavkyrkje 6-7 Desember 2007*, 2007.

Schreiner, Ole Jørgen. *Tjæring av Gol Stavkyrkje 2016*, 2016.

Schreiner, Ole Jørgen. *NF.181 Gol stavkirke, Spunsing av basen i stolpe i nordre våpenhus, nordøstre hjørne*. 2014.

Stein, Mille. *NIKU Oppdragsrapport 104/2013 tilstandsregistrering av kunst og inventar i Gol stavkirke Norsk Folkemuseum, Oslo kommune*, 2013.

Storsletten, Ola. *NIKU Oppdragsrapport 101/2013 «Bevaret af den gamle kirke» Registrering av opprinnelige deler i Gol stavkirke*, 2013.

**Alle rapportar er tilgjengelege hjå arkivet til Riksantikvaren.**

### FOTNOTAR

---

<sup>1</sup> Santa, Astrid. *Museums Bulletin* nr. 69 1/2012, 2012.

<sup>2</sup> Johansen, Niels Gerhard. *Konserveringsrapport/ Restaureringsrapport NF.181 Gol stavkirke – Oscar II's monogram*, 2012.

<sup>3</sup> Schreiner, Ole Jørgen. *NF.181 Gol stavkirke, Spunsing av basen i stolpe i nordre våpenhus, nordøstre hjørne*. 2014.

<sup>4</sup> Storsletten, Ola. *NIKU Oppdragsrapport 101/2013 «Bevaret af den gamle kirke» Registrering av opprinnelige deler i Gol stavkirke*, 2013

<sup>5</sup> Stein, Mille. *NIKU Oppdragsrapport 104/2013 tilstandsregistrering av kunst og inventar i Gol stavkirke Norsk Folkemuseum, Oslo kommune*, 2013.





RIKSANTIKVAREN